



ÅRSRAPPORT 2022



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

INNHALDSFORTEIKNING

Innhald

Generalforsamling	1
Konsernstruktur	2
Årsmelding frå styret	3
Resultatrekneskap 31.12.2022	16
Balanse 31.12.2022	17
Notar til rekneskapen	19
Melding frå uavhengig revisor	28


Generalforsamling for

Luster Energiverk AS vert halden på Gaupnetunet i Gaupne
mandag 05.06.2023 kl.16.00.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under møteprotokoll.
3. Årsmelding for 2022.
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot.
5. Godkjenning av honorar til revisor.
6. Val av styre i samsvar med vedtektene.
7. Val av valnemnd.
8. Orienteringssaker

Konsernstruktur Luster Energiverk AS



Årsmelding frå styret

STYRET

Styret hadde følgjande samansetjing i 2022:

Steinar Molland (Styrelleiar), Arne Kvalen (nestleiar)

Jarle Sperle, Ole Martin Bakken, Grete Bugge og Ronny Melheim.

Vararepresentantar i rekkefylgje har vore:

Lene Waagsbø Wiese, Bergljot Buskaker, Marthe Gjerde og Frank Harberg.

Ronny Melheim og Frank Harberg er valde av og mellom dei tilsette.

VALNEMND

Kjell Opheimshaug (leiar), Laila Gjerde og Jon Galde.

STYRESAKER

Det har vore halde 6 styremøte og 29 saker har vore handsama.

OMORGANISERING TIL KONSERN

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915, i 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag.

Luster Energiverk AS gjennomførte i 2020 det myndigheitspålagte selskapsmessige skilje mellom nettverksemd og anna verksemd.

I samband med dette vart Breheim Nett valgt som nytt namn på nettselskapet vårt. Som ledd i omorganiseringa er nettverksemda i Luster Energiverk AS overført til det nye dotterselskapet Breheim Nett AS, medan all anna verksemd enn nett, dvs. installasjon, kraftsal, fiber/breiband mm, er overført til det nye dotterselskapet Luster Energi AS.

Luster Energiverk AS er morselskapet i konsernet og eig 100% i Luster Energi AS, 100% i Breheim Nett AS og 100% i Luster Energi Eigedom AS.

I tillegg har Luster Energiverk AS ei vesentleg rolle i Sage kraftverk AS (50%), Luster Småkraft AS (50%), Sognekraft AS (12,9%) og Sognenett AS (10%).

ÅRSRAPPORT 2022

Konsernet er lokalisert i Gaupne, i bygg eigd av Luster Energi Eigedom AS.

Ved utgangen av 2022 var det i konsernet totalt 22 heiltidstilsette, 2 deltidstilsette og 3 lærlinger på lærekontrakt.

Blant dei aksjonærvalde til styret er det 1 kvinne av 5 medlemmar totalt og 3 av 3 varamedlemmer er kvinner. I konsernet er det tilsett 2 kvinner og i leiargruppa er det 25% kvinnedel. Det er ikkje naudsynt å setje i verk egne tiltak for å fremje likestilling.

Luster Energiverk konsern jobbar innanfor personal for å sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering med grunnlag i etnisitet, nasjonalitet, hudfarge, språk, religion og livssyn. Luster Energiverk vil i den grad det er mogleg og naudsynt tilpasse arbeidsforholda slik at personar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda.

Åpenhetsloven tredde i kraft 1 juli 2022 og skal førebyggje menneskerettigheits brot og uanstendige arbeidsforhold hjå verksemdene, verksemdenes forretningsforbindelsar og nedover i leverandørkjeda. Luster Energiverk vert omfatta av åpenhetsloven, og vil på www.lusterenergiverk.no offentleggjere ein redegjørelse av dei konkrete aktsemdsvurderingane innan 30 juni 2023.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

Konsernet er tilslutta Bedriftshelse1.

Sjukefråværet i 2022 var på 3,09 %. Sjukefråværet har halde seg lågt over tid og arbeidsmiljøet synest å vere godt, noko styret er godt nøgd med. Konsernet har ikkje hatt større ulykker eller skader i 2022.

Konsernet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida.

Det har vore halde kurs i driftsforskrifter og fyrstehjelp for tilsette på mellom anna drift- og installasjonsavdeling. Konsernet har hjartestartar som er plassert i administrasjonsbygget, og alle tilsette har gjennomført kurs i hjarte-lunge-redning.

Det er utarbeida Beredskapsplan som skal redusere konsekvensane for tilsette, kundar, miljø og øvrige verdiar under ein beredskapssituasjon.

Luster Energiverk er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, og vart i 2021 re-sertifisert for 3 nye år.

Drifta til konsernet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

ØKONOMI

Årsoppgjøret er gjort opp under forutsetning av fortsatt drift. Rekneskapet for 2022 viser ein omsetnad i konsernet på kr 268 153 000 og eit årsoverskot på kr 60 359 000.

ÅRSRAPPORT 2022

Ein solid økonomi i konsernet gjer det mogeleg å utføra planlagde oppgåver og samstundes vera ein aktiv støttespelar i lokalmiljøet.

Nøkkeltal i rekneskapen for 2022

	Mor-selskap	Konsern
Driftsresultatet for 2022	kr -1 308 029	kr 17 025 406
Netto finansinntekter	kr 11 213 011	kr 47 661 992
Resultat etter skatt	kr 9 904 982	kr 60 359 625

	2022	2021
Rentabilitet:		
Totalrentabilitet	23,0%	10,8%
Eigenkapitalrentabilitet	30,4%	13,5%
Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Eigenkapital del	75,2%	76,0%
Likviditetsgrad 1	1,5	1,6

Økonomien i konsernet er god, med ein totalrentabilitet i 2022 på 23 %, eigenkapitalrentabilitet på 30% og eigenkapitalprosent på 75 %.

Konsernet har god tilgang til likviditet og har ikkje langsiktig lån. Investeringar som er planlagde i 2023 vert finansiert utan låneopptak. Den finansielle risikoen er dermed låg.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvise bilette av konsernet sine eigedeler, finansielle stilling og resultat.

Dotterselskapet Luster Energi AS kjøper kraft og seljer til sluttkundar og den største marknadsrisiko er krafthandel. Her er det særleg pris og tap av kundar som er størst risiko. Det er utarbeida risikohandbok for krafthandel og den vert handsama av styret kvart år. Der står det om fullmakter, rammer og rapportering. Rapportering skjer på månadsrapporten til styret.

Det er risiko knytt til dotterselskapet Breheim Nett AS da rammevilkår til nettverksemd er regulert. Ein prøver å tilpasse seg dei endringane som kjem.

Konsernet har eit strategidokument som gjeld for tida 2019-2024 der dotterselskapa Breheim Nett og Luster Energi er med. Sist haust starta arbeidet med å lage ny strategiplan for konsernet.

Luster Energiverk AS har forsikret «Styre- og ledelsesansvar» med kr 10 000 000. Den forsikringa omfattar heile konsernet med dotterselskap og tilknytt selskap.

KONSERNET SI VERKSEMD

BREHEIM NETT AS

Det norske straumnett er delt i tre nivå - sentralnett, regionalnett og det lokale distribusjonsnett.

Sentralnett er hovudnett i kraftsystemet. Dette nettet bind saman produsentar og forbrukarar i ulike deler av landet med kvar andre. Dette nettet omfattar også overføringslinjer mot utlandet. Statnett har ansvar for å utvikla, eiga og drifta sentralnett.

Regionalnett er bindeleddet mellom sentralnett og det lokale distribusjonsnett.

Det lokale distribusjonsnett forsyner kundane våre med straum og tek imot straum frå småkraftverka.

Å jobbe med infrastruktur er ei spennande og viktig samfunnsoppgåve. Nettleiga dekker utbygging, drift og vedlikehald av straumnett, dvs. alt som trengst for å transportere straumen trygt heim til kundane våre.

Når uvær eller andre faktorar forårsakar straumbrot, er vår vaktstyrke alltid klar til innsats. Me overvakar straumnett heile døgnet og har kort responstid ved feilsituasjonar.

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For å sjå til at krafttransporten vert gjort så effektivt (rimeleg) som mogleg, er NVE sett til å utføre denne monopolkontrollen. Om lag halvparten av nettleiga er offentlege avgifter som Breheim Nett er pålagd å krevje inn på vegne av Staten. Vilkår for nettleige er fastsett i ein landsdekkande standardavtale.

I samarbeid med Nettalliansen er det kjøpt inn nytt avrekningssystem for Breheim Nett. CGI er leverandør av systemet som vart ferdig integrert i 2022. Dette gjer til at vi no har splitta kundedatabasen mellom nett og kraft slik myndigheitene krev.

Samarbeid mellom energiverka er vorte ein naturleg del av arbeidsdagen. I takt med effektivitetskrava, som vert stilt til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for kostnadsreduksjonar. Samarbeidet styrkjer oss både kunnskapsmessig og økonomisk. Alt samarbeid skal tuftast på vårt ynskje om å bestå som sjølvstendig og sterk organisasjon.

Samarbeidet mellom energiverka på Vestlandet (Kjøpekraft Vest) har ført til gunstige avtalar på kabelkjøp, transformatorar, elektromateriell m.m. Samla har selskapa som er tilknytt Kjøpekraft Vest, hatt store årlege innsparingar. I tillegg har ein gjennom samarbeidet heva kompetansen på produktkunnskap, teknologi og innkjøp.

Det er innført avanserte måle og styringssystem (AMS) for Breheim Nett sine kundar og vi byggjer kontinuerleg ut nettstasjonsovervaking (NSO) på trafoar som har krav om dette.

Luster Energiverk er medlem og medeigar i Nettalliansen, som har vore samarbeidspartnar ved innkjøp av dei nye straummålarane. Nettalliansen er eit kompetanse- og innkjøpssamarbeid eigd av små og mellomstore nettselskap. Dei tek vare på eigarane sine interesser gjennom å etablere konkurransedyktige og attraktive fellestenester som bidreg til å auke handlingsrommet til det lokale nettselskapet.

ÅRSRAPPORT 2022

Det er etter kvart bygt mange småkraftverk i kommunen og ein forventar at denne aktiviteten etter kvart vil avta noko. For at ein i framtida skal få transportert ny fornybar produksjon ut av kommunen, er ein avhengig av at linja til Statnett mellom Fortun-Sogndal vert oppgradert.

Me vil halde fram arbeidet gjennom våre interesseorganisasjonar, med å påverke sentrale styresmakter for å betre rammevilkåra og få forståing for dei grunnleggande utfordringane som distriktsverka møter i den daglege drift. Luster Energiverk er medlem av interesseorganisasjonen Distriktsenergi og Samfunnsbedriftene som arbeider på vegne av oss.

Breheim Nett har ansvar for å overføre kraft til alle i kommunen og med tilfredsstillande kvalitet. Me har derfor stort fokus på reinvesteringar i forsyningsnettet. Dette har ført til at forsyningsnettet er av god kvalitet.

I 2021 starta arbeidet med utbetring av linjenettet på strekninga Mordøla-Skjolden-Fortun i samband med planlagd småkraftutbygging. Dette arbeidet vert ferdigstilt i løpet av 2023. Hydro Energi har skifta ut trafo i Fortun i samband med planlagd småkraftutbygging.

11 mars 2022 gjekk det eit stort steinras i Gaupne som øydela 22 kV straumlinje og stamfiber. Det vart midlertidig lagt provisorisk kabel forbi rasområdet, som i etterkant er erstatta med permanent jordkabel i ny kabeltrase.

Anna arbeid som er utført er mellom anna tilkopling av nye nettstasjonar i samband med nytt byggefelt på Bruflat i Gaupne, og nye nettstasjonar til Statnett og Bluefjords i Leirdøla.

Driftsentralen vår er viktig for å oppretthalde ei sikker og god straumforsyning. I 2021 vart arbeidet med å oppgradere denne starta, slutført våren 2022.

Det vert stadig stilt større krav frå storsamfunnet til leveringsdyktigheit. Derfor investerer me fortløpande i utviding av vårt fjernstyringssystem. Det gjer at me kan fjernstyre fleire av dei kritiske komponentane i nettet, som over tid, igjen fører til kortare responstid.

Breheim Nett har i teke i bruk Nødnett som sambandssystem, noko me har god erfaring med.

Breheim Nett sin kilekostnad var i 2022 på kr 1 306 000, noko som er ein auke frå året før. Me jobbar kontinuerleg for at avbrot skal bli sjeldnare og kortare for våre kundar.

Breheim Nett har utarbeida nøytralitetsrapport som er lagt ut på www.breheimnett.no

KUNDEFORHOLD, TILSYNSAKTIVITETAR, MÅLEAKTIVITETAR, ENØK

Pr. 31.12.2022 var det tilknytt 3865 nett-kundar.

TILSYNSAKTIVITET

I 2022 har det vore fokus på tilsynsarbeid ved el installasjonar i bustader, hytter og landbruk, og det er utført 291 tilsyn dette året.

ÅRSRAPPORT 2022

Det Lokale Eltilsyn (DLE) er ein del av det offentlege tilsynsapparatet for el-tryggleik og tilsyn. DLE er pålagt å føre tilsyn med elektriske anlegg og har som overordna mål å betre el-tryggleiken i Breheim Nett sitt forsyningsområde.

Andre viktige område er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr, helseinstitusjonar og informasjon om el-sikkerheit til skular, lag og organisasjonar. I 2022 vart det brukt om lag 67 timar på informasjon om el-sikkerheit.

Tidlegare leigde me inn tilsynstenester frå andre selskap, men det er no tilsett egne ressursar som utfører dei pålagde lokale eltilsyn.

Det er innkjøpt nytt sakshandsamingssystem til Det lokale eltilsyn, dette vart innkjøpt i saman med Nettalliansen og fungerer godt.

MÅLEAKTIVITET

Det har tidlegare vorte montert nye AMS (Avanserte måle og styringssystem) målarar til kundane i vårt forsyningsområde. No har kundar i Luster målarar som automatisk sender sine målar- og kvalitetsdata til oss.

Elhub (sentral datahub) og NBS (fellesnordisk balanseavrekning) er i drift og fungerer godt . Dette er myndigheitspålagde krav som vi har tilpassa våre rutinar etter.

EFFEKTUTTAK

MAKS EFFEKTUTTAK

Maks effektuttak i nettets toppplasttime var 12,6 MW den 6.desember 2021, time 17.

TOTALFORBRUK I LUSTER

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2022 var 93 964 MWh mot 89 222 MWh i 2021.

Vårt totale tap i overføringa var 8 776 MWh.

FORDELINGSNETT

HØGSPENT FORDELINGSNETT

22 kV: linje 201,1 km, jordkabel 74,3 km

5 kV: linje 1,20 km, jordkabel 0,50 km

1000V ANLEGG

1,17 km linje og 3 stk. transformatorar.

LÅGSPENTNETT

257,0 km linje og 170,0 km jordkabel.

FORDELINGSTRANSFORMATORAR

236 stk. trafoar 21/0,24 kV

39 stk. " 22/0,415 kV

2 stk. " 5/0,23 kV

1 stk. " 5/0,415 kV

3 stk. " 1/0,23 kV

Samla transformatoryting er 63.958 kVA

DRIFT AV FORDELINGSNETTET

Det har vore 12 driftsforstyringar med utkopling for deler av høgspennettet med varigheit meir enn 2 timar.

I samband med planlagt arbeid, reparasjon og vedlikehald har det vore 21 utkoplingar i høgspennettet med varigheit meir enn 20 minutt.

ENØK

Enova SF vart etablert i 2001 for å vere med å styrke arbeidet med ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon i Noreg.

Enova er eit statsføretak som er eigd av olje- og energidepartementet. Enova tek initiativ til og fremjar meir effektiv energibruk, auka produksjon av ny fornybar energi og miljøvennleg bruk av naturgass.

Enova si verksemd vert finansiert gjennom eit energifond, der ein har to inntektskjelder – påslag på nett-tariffen og løyvingar over statsbudsjettet. Påslaget på nett-tariffen for hushaldningskundar er 1 øre/kWh. For andre sluttbrukarar enn hushaldningskundar utgjer enovaavgifta 800 kroner/år pr. målepunkt.

Spørsmål om ENØK kan ein ta opp med Enova på www.enova.no eller på tlf. 80049003.



Omprofilering til Breheim Nett



Nedfiringskurs for våre tilsette

LUSTER ENERGI AS

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei sjølv ynskjer. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energi er oppteken av å tilby kundane våre kraft til konkurransedyktige prisar. God personleg service, støttespelar i lokalmiljøet, synlegheit i lokale media og på vår heimeside er viktig for kundane våre.

Luster Energi er ein landsdekkande kraftleverandør.

2022 vart eit år med svært stor auke i kraftprisen, den gjennomsnittlege kraftprisen for 2022 var 193,5 øre/kWh. September var månaden med høgast pris (358,7 øre/kWh) og november hadde lågast pris (112,6

ÅRSRAPPORT 2022

øre/kWh). Det er mange årsaker til dei høge straumprisane som td. Russlands gasskrig mot Europa, tørrår på Sør og Østlandet og nye kablar til Europa.

Myndigheitene innførte ei straumstøtteordning for hushaldingar. Det vart også innført støtteordningar for jordbruk, kultur, idrett og frivilligheit.

Luster Energi har i samarbeid med Luster kommune, tilbydd næringsliv og private hushaldingar fastprisavtalar på straum, til gode for våre næringskundar og innbyggjarar.

Luster Energi tilbyr fleire typar smarthusløysing/sanntidsmåling noko som er i vinden no.

Elektrisitet er ein av dei mest effektive energiberarane me kjenner til i dag. Elektrifiseringa av energiforbruket i Noreg vil derfor kunne gje ein betydeleg reduksjon av det primære energibehovet. Dette vil også gje store kutt i utsleppa av klimagassar, og i praksis gjere energiforbruket i Noreg nærast karbon nøytralt.

Breibandutbygging er framleis eit aktivt satsingsområde. Luster Energiverk er medeigar i breibandselskapet Sognetnett som tilbyr kundane ulike breibandtenester. I 2022 har Luster Energi utført fiberutbygging til mange fortettingskundar i allereie etablerte fiberområder.

Installasjonsavdelinga vår har hatt bra aktivitet i 2022. Noko av arbeidet som er utført er rehabilitering hjå Nes Gard, gatelys Bruflat i samband med nytt byggjefelt. Det er og installert el. anlegg i mange nye bustadhus, i hovudsak for Luster Trelastlager og Ødegård Bygg og Maskin og Fuhr Bygg.

I tillegg er det utført arbeid for mellom anna Turtagrø Hotell, Skjolden Hotell, LMI, Digital Etikett, Avery Dennison NTP.

Det har vorte installert mange nye elbil-ladarar og varmpumper. Det er også utført ein god del service på varmpumper.

Installasjonsavdelinga har mange faste kundar, noko som gjev jamn og god tilgang på arbeid. Dessutan har det vore mykje ordinært vedlikehaldsarbeid og el. sjekk både på landbruk og bustadhus.

LE installasjon arbeider kontinuerleg med forbetringar for å gjere kvardagen meir effektiv og strukturert.

LE installasjon er medlem av installatørkjeda Elkonor, som gjev oss fordeler mellom anna på innkjøp, profilering etc. og er også medlem av Norges Elektroentreprenørforbund (NELFO).

LUSTER ENERGI EIGEDOM AS

Luster Energi Eigedom AS er eigar av bygningsmassen vår og dei største leigetakerne er konsernselskapa Luster Energi AS og Breheim Nett AS, I tillegg er det 5 eksterne leigetakarar.

Luster Energi Eigedom eig leilegheit på Beitostølen Fjellpark med avtale/samarbeid med dei tilsette.



Hølen kraftverk

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER.

Målet for styret er først og fremst å sjå til at me i Luster har eit energiselskap som er konkurransedyktig og framtidsretta, og som gjev gode tenester til kundane. Viktigast er sjølvstøtt at det finst eit godt linjenett i heile kommunen, og at leveringa av kraft går utan mange problem.

Det skjer heile tida endringar i bransjen, og styret har sett det som viktig å vere i forkant av ei spanande utvikling. Dei siste åra har det vorte lagt stor vekt på utbygging av fibernettet for å gje eit godt tilbod til brukarar av datautstyr og til kommunikasjon med omverden.

Luster Energiverk har gjennomført ei omorganisering som tilpassar seg kravet om selskapsmessig skille. Det vart vedteke at nettselskap med mindre enn 10 000 nettkundar slapp krav om funksjonelt skille, noko som har gjort det enklare for Luster Energiverk å tilpassa seg ny organisering.

Styret skal naturleg nok sjå til at økonomien i konsernet er sunn, slik at ein har styrke til å vere med på endringar som tvingar seg fram og prosjekt som ein ønskjer å engasjere seg i.

Resultata i konsernet har vore jamt gode, og det ligg store verdier i konsernet i form av bygningar, linjenett og eigarskap i kraftanlegg både i og utanfor kommunen. Konsernet har ein økonomi som er svært solid, og alt ligg til rette for vidare sunn drift i konsernet.

Det er utarbeida strategidokument for konsernet som vert årleg revidert.

Selskapet må heile tida vere framtidsretta og har i 2022 fått på plass nytt kvalitetsystem for konsernet og dotterselskapa. Luster Energi har og laga ny App som er tilgjengeleg på Android og IOS plattform.

Konsernet sine selskap er attraktive arbeidsplassar i kommunen. Dette forpliktar, og me jobbar kvar dag for å halde denne posisjonen. Tilsette som trivst og har respekt for kvarandre, sine rollar og oppgåver, er heilt avgjerande. Takk til alle tilsette for god innsats i året som har gått.

Sage kraftverk som er eigd saman med Luster kommune produserer og fungerer godt. Det er starta eit arbeid med å fjerne gamal røyrgate.

Luster Småkraft AS er viktig for å ivareta og bygge ut vasskrafta i Luster kommune. Verdiane i anlegga er store, og det viktigaste i prosjekta er å utvikle anlegga slik at dei gjev sikker produksjon i mange tital år. Holen kraftverk er ferdig bygd og i produksjon. Luster Energiverk leiger ut tenester til drift av småkraftprosjekta. Vanndøla og Kvåle kraftverk har vore i drift i om lag 10 år no. Desse kraftverka fungerer godt og produserer som forventa.

Døsjagrovi kraftverk er under planlegging. Luster Energiverk er medeigar i prosjektet og deltek aktivt i dette arbeidet. Det er innsendt ny konsesjonssøknad for prosjektet, og ein legg til grunn at prosjektet vert idriftsett innan 2024-2025.

Eigarstrukturen i Sognekraft AS er uendra. Luster Energiverk AS er no den fjerde største eigaren, etter BKK, Vik kommune og Sogndal kommune.

DISPONERING AV OVERSKOT.

Styret gjer framlegg om at overskotet for Luster Energiverk AS for 2022 på kr 9 904 982,- vert fordelt slik:

Avsett til annan eigenkapital	kr 3 919 982
Avsett til utbytte	kr 5 985 000
Sum disponert	<u>kr 9 904 982</u>

Styret for Luster Energiverk AS, 22. mai 2023



Steinar Molland (styreleiar)



Grete Bugge



Ole Martin Bakken



Anders Molland (everksjef)



Arne Kvalen (nesteleiar)



Jarle Sperle



Ronny Melheim

Resultatrekneskap 31.12.2022

	Note	MORSELSKAP		KONSERN (tal i 1000kr)	
		2022	2021	2022	2021
DRIFTSINNETEKTER					
Energisal		0	0	190 998	87 016
Energiformidling/trading		0	0	566	690
Nett-inntekter		0	0	48 215	36 489
Sal av andre varer/tenester		0	0	20 976	23 441
Andre driftsinntekter		149 079	130 106	6 155	6 195
Meir-/mindreavkastning		0	0	1 243	2 761
Sum driftsinntekter		149 079	130 106	268 153	156 592
DRIFTSKOSTNADER					
Kjøp av straum		0	0	189 909	87 692
Overføring overordna nett		0	0	14 289	7 916
Varekostn andre selde varer/tenester		149 029	119 917	8 386	10 158
Lønnskostnader	3	172 541	164 232	22 545	23 842
Av- og nedskrivningar	2	77 530	48 363	5 607	5 145
Andre driftskostnader	3,9	1 058 008	1 332 540	10 391	10 111
Sum driftskostnader		1 457 108	1 665 052	251 127	144 864
Driftsresultat		-1 308 029	-1 534 946	17 026	11 728
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Inntekt på investering i dotterselskap		1 760 000	2 622 000	0	0
Renteinntekt frå føretak i same konsern		49 802	21 467	0	0
Renteinntekter		466 282	221 411	579	276
Aksjeutbytte	6	9 707 413	2 398 670	5 707	2 399
Annan finansinntekt		72 590	109 527	1 402	144
Del innt. felleskontr verksemd		0	0	40 028	9 649
Rentekostnader selskap i same konsern		-843 076	-525 056	0	0
Annan finanskostnad		0	0	-54	-308
Netto finansresultat		11 213 011	4 848 019	47 662	12 160
Ordinært resultat før skatt		9 904 982	3 313 073	64 688	23 888
Skattekostnad	11	0	0	-4328	-3026
ÅRSRESULTAT		9 904 982	3 313 073	60 360	20 862
Disponering av årsoverskot					
Avsett til annan eigenkapital		3 919 982	-679 427	54375	16869
Avsett til utbytte		5 985 000	3 992 500	5985	3993
Sum disponert		9 904 982	3 313 073	60 360	20 862


Balanse 31.12.2022

	Note	MORSELSKAP		KONSERN (tal i 1000kr)	
		2022	2021	2022	2021
EIGEDELER					
Anleggsmidler					
Immaterielle egedelar					
Behaldning av el-sertifikat		0	0	0	10
Utsett skattefordel	11	0	0	1 887	39
Sum immaterielle egedelar		<u>0</u>	<u>0</u>	<u>1 887</u>	<u>49</u>
Varige driftsmidler					
Tomt, bygning o.a. fast utstyr	2	0	0	4 633	4 403
Linjer/teknisk utstyr	2	0	0	83 017	70 398
Inventar/utstyr/transportmidlar	2	349 972	325 860	18 817	17 849
Anlegg under utføring	2	0	0	0	0
Sum varige driftsmidler		<u>349 972</u>	<u>325 860</u>	<u>106 467</u>	<u>92 650</u>
Finansielle anleggsmidler					
Aksjar i dotterselskap	6	109 894 380	109 894 380	0	0
Aksjar i felleskontrollert verksemd	6	23 508 750	23 508 750	0	0
Andre aksjar	6	7 673 865	7 673 865	7 674	7 674
Lån til selskap i same konsern	6	1 750 000	1 750 000	0	0
Lån til felles kontrollert verksemd	6	0	8 000 000	0	8 000
Eigenkap felleskontr verksemd	6	0	0	79 203	43 175
Andre langsiktige fordringar	8	90 000	180 000	2 361	2 289
Sum finansielle anleggsmidler		<u>142 916 995</u>	<u>151 006 995</u>	<u>89 238</u>	<u>61 138</u>
Sum anleggsmidler		<u>143 266 967</u>	<u>151 332 855</u>	<u>197 592</u>	<u>153 837</u>
Omløpsmidlar					
Varelager		0	0	4 102	3 583
Kundefordringar		95 107	169 519	28 300	37 502
Kundefordringar konsern		121 633	0	0	0
Andre kortsiktige fordringar		1 839 443	818 863	47 417	19 930
Konsernfordringar		9 312 162	2 122 000	0	0
Bankinnskot, kontantar mm	10	10 453 314	20 583 629	42 031	29 417
Sum omløpsmidlar		<u>21 821 659</u>	<u>23 694 011</u>	<u>121 850</u>	<u>90 432</u>
SUM EIGEDELER	1	<u>165 088 626</u>	<u>175 026 866</u>	<u>319 442</u>	<u>244 269</u>

ÅRSRAPPORT 2022

	Note	MORSELSKAP		KONSERN (tal i 1000kr)	
		2022	2021	2022	2021
GJELD OG EIGENKAPITAL					
Eigenkapital					
Aksjekapital	4,5	19 962 500	19 962 500	19 963	19 963
Eigne aksjar pålydande	4	-12 500	-5 000	-13	-5
Overkurs	4	2 979 988	2 979 988	2 980	2 980
Eigne aksjar, overkurs	4	-47 500	-19 000	-48	-19
Annan innskoten eigenkapital	4	2 124 839	2 096 839	2 125	2 097
Annan eigenkapital	4	128 835 339	124 915 356	215 122	160 747
Sum eigenkapital		153 842 666	149 930 683	240 129	185 763
Langsiktig gjeld					
Annan langsiktig gjeld		0	0	500	500
Sum langsiktig gjeld		0	0	500	500
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld		345 753	428 395	38 739	38 404
Betalbar skatt	11	0	0	6 175	1 929
Skuldig offentlege avgifter		16 460	18 071	5 858	3 333
Avsett til utbytte	7	5 985 000	3 992 500	5 985	3 993
Gjeld til konsernselskap		4 816 247	20 440 364	0	0
Annan kortsiktig gjeld	7	82 500	216 853	22 056	10 347
Sum kortsiktig gjeld		11 245 960	25 096 183	78 813	58 006
Sum gjeld	1	11 245 960	25 096 183	79 313	58 506
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		165 088 626	175 026 866	319 442	244 269

Styret for Luster Energiverk AS, 22. mai 2023



Steinar Molland (styreleiar)



Arne Kvalen (nestleiar)



Grete Bugge



Ole Martin Bakken



Ronny Melheim



Jarle Sperle



Anders Molland (everksjef)

Notar til rekneskapen

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsloven av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge.

Konsolideringsprinsipp:

Konsernrekneskapen omfattar Luster Energiverk AS med dotterselskap Luster Energi Eigedom AS, Luster Energi AS og Breheim Nett AS der Luster Energiverk AS har bestemmende innflytelse som følgje av juridisk og faktisk kontroll. Konsernrekneskapen er utarbeida etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskap som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydelig innflytelse (felleskontrollert verksemd), vert handsama etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen og kostmetoden i selskapsrekneskapen.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld:

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost. Fordringar som skal attendebetalt innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av anskaffingsverdi eller verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurderte til pålydande beløp.

Eigedeler og gjeld i utanlandsk valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er i balansen rekna om til kursen på balansedagen.

Varer

Varer er vurderte til lågaste verdi av anskaffingskost etter FIFO-metoden og netto salsverdi.

Inntekt

Inntekt ved sal av varer og tenester vert rekneskapsført når den er opptent, dvs. når varen er levert til kunden og tenesta er utført. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførde til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

ÅRSRAPPORT 2022

Kostnader

Kostnader vert som hovudregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt.

Skattar

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapan er samansett av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Utbyte

Utbyte frå døtrer vert inntektsført i året det vert avsett, frå tilknytt selskap i utbetalingsåret.

Note 2 – Varige driftsmidlar (beløp i 1000kr)

Mor-selskap	Transp midlar	Kontor utstyr	EDB utstyr	Telefon samband	Drift utstyr	Bygg tomt	Målar	Linjer og tekn.utstyr	Sum
Kostpris 01.01	0	0	374	0	0	0	0	0	374
Tilgang i året	0	0	102	0	0	0	0	0	102
Avgang	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	0	476	0	0	0	0	0	476
Samla av-og nedskr. 31.12	0	0	126	0	0	0	0	0	126
Bokført verdi 31.12	0	0	350	0	0	0	0	0	350
Årets ord. avskrivningar	0	0	78	0	0	0	0	0	78
% satsar ord. avskriv.	12,5 %	12,5 %	20 %	20 %	20 %	0 %	5-7%	2-20%	

Konsern	Transp. midlar	Kontor utstyr	EDB utstyr	Telefon samband	Drift utstyr	Bygg tomt	Målar	Linjer og tekn.utstyr	Sum
Kostpris 01.01	9 900	1 280	4 717	892	2 691	16 664	16 260	159 022	211 426
Tilgang i året	1 085	0	1 993	64	86	618	126	15 452	19 424
Avgang	175	0	0	0	32	0	0	100	307
Kostpris 31.12	10 810	1 280	6 710	956	2 745	17 282	16 386	174 374	230 543
Samla av-og nedskr. 31.12	8 094	1 033	3 635	453	2 439	12 649	4 416	91 358	124 077
Bokført verdi 31.12	2 716	247	3 075	503	306	4 633	11 970	83 016	106 466
Årets ord. avskrivningar	582	22	538	64	88	388	1 091	2 833	5 606
% satsar ord. avskriv.	12,5 %	12,5 %	20 %	20 %	20 %	2-4%	5-7%	2-20%	

ÅRSRAPPORT 2022

Note 3 – Tilsette, godtgjersle

	MORSELSKAP		KONSERN	
	2022	2021	2022	2021
Lønnskostnader:				
Lønningar	154 238	146 605	19 487 387	18 395 237
Eige investeringsarbeid	0	0	-2 342 705	-1 085 564
Refusjon sjukeløn etc	0	0	-267 244	-237 256
Folketrygdavgift	16 430	15 977	2 236 586	2 424 459
Pensjonspremie	0	0	2 320 952	3 648 815
Andre lønn/personalkostnader	1 873	1 650	1 110 081	696 298
Sum lønnskostnader	172 541	164 232	22 545 057	23 841 989
Gjennomsnittleg tal tilsette	0	0	27	28

Pensjonar er dekkja gjennom KLP og tilfredstillar krav om offentleg tenestepensjon

	2022	2021
Premiefondet er balanseført med	0	0

Dagleg leiar/konsernsjef er innleigd frå Luster Energi AS.

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til fordel for dagleg leiar, styremedlemmar eller andre nærstående.

Revisor:	Morselskap	Konsern
Revisjonshonorar for 2022	50 000	224 400
Andre attestasjonstenester	0	28 000
Andre tenester	80 500	223 500
Sum	130 500	475 900

Note 4 – Eigenkapital (beløp i 1000kr)

<u>Mor-selskap</u>	Aksje- kapital	Annan innsk EK	Eigne aksjar pålydande	Eigne aksjar overkurs	Overkurs- fond	Annan EK	SUM
Eigenkapital 01.01	19 963	2 097	-5	-19	2 980	124 915	149 931
Årsoverskot						9 905	9 905
Forslag til utbytte						-5 985	-5 985
Konsernbidrag							0
Kjøp egne aksjar			-77	-295			-372
Sal egne aksjar		28	70	266			364
Eigenkapital 31.12	19 963	2 125	-12	-48	2 980	128 835	153 843

ÅRSRAPPORT 2022

Konsern	Aksje- kapital	Annan innsk EK	Eigne aksjar pålydande	Eigne aksjar overkurs	Overkurs- fond	Annan EK	SUM
Eigenkapital 01.01	19 963	2 097	-5	-19	2 980	160 747	185 763
Årsoverskot						60 359	60 359
Forslag til utbytte						-5 985	-5 985
Kjøp egne aksjar			-77	-295			-372
Sal egne aksjar		28	70	266			364
Eigenkapital 31.12	19 963	2 125	-12	-48	2 980	215 121	240 129

Note 5 – Aksjonærtilhøve

Aksjekapital til selskapet er på kr 19.962.500,-

Det er 741 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er:

Luster Kommune	24,92 %
Luster Sparebank	17,02 %
Luster Almanning	2,50 %
Gjensidige	2,25 %

På generalforsamlinga 20. juni 2022 vart det gjeve fullmakt til kjøp av inntil 15% av egne aksjar.

Det er i 2022 kjøpt 31 aksjar (0,39%), avhenda 28 aksjar (0,35%).

Pr 31.12.2022 har selskapet 5 aksjar (0,06%)

Aksjar i egne styre og everksjef:

Steinar Molland, styreleiar	17 aksjar
Arne Kvalen, nestleiar	6 aksjar
Grete Bugge, styremedlem	0 aksjar
Ronny Melheim, styremedlem	0 aksjar
Ole Martin Bakken, styremedlem	0 aksjar
Jarle Sperle, styremedlem	2 aksjar
Anders Molland, e-verksjef	25 aksjar

Note 6 – aksjar

Selskap	Tal aksjar	Pålydande	Bokført verdi
Sognekraft AS	610	20 000	122 000
Sognekraft AS	321	20 000	6 420 000
Sognetett AS	810000	1	978 437
SEIS AS	96	1 000	98 112
Elkonor AS	1	10 000	10 000
Nettalliansen AS	1	20 000	22 000
DnB Nor	316	242	12 316
REN AS	1	1 000	1 000
Fjellvegen Årdal-Luster	100	100	0
Sogn Skisenter AS	100 B	100	10 000
Sum			7 673 865

Aksjar i dotterselskap og felleskontrollert verksemd

Selskap	Eigar-del	Tal aksjar	Pålydande	Bokført verdi	Resultat	Eigenkapital	Mellomverande
Sage Kraftverk AS	50 %	11	1 000 000	11 005 500	49 053 660	67 802 035	46 326
Luster Småkraft AS	50 %	6 500	1 000	12 503 250	31 002 028	50 603 492	0
Luster Energi Eigedom AS	100 %	100	1 000	1 420 953	236 680	3 658 477	1 871 633
Luster Energi AS	100 %	30 000	100	36 323 286	13 511 590	52 565 254	-3 556 247
Breheim Nett AS	100 %	30 000	100	72 150 141	2 161 329	84 263 256	7 552 161

Alle dotterselskap og felleskontrollerte verksemdar har same adresse som morselskapet.

Note 7 – Spesifikasjon av gjeld

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga, er det avsett ordinært utbytte for 2022 med kr 5 985 000

Anna kortsiktig gjeld:	Morselskap	Konsern
Skuldig forbruksavgift	0	2 376 995
Skuldig Enova-avgift	0	153 458
El-sertifikat	0	21 316
Skuldig lønn	0	2 354 400
Skuldig feriepengar	0	2 021 865
Meiravkastning m/renter	0	7 506 000
Forskotsbetalt inntekt	0	968 000
Påløpne kostnader	82 500	6 653 968
Sum	82 500	22 056 002

Note 8 – Spesifikasjon av langsiktige fordringar:

Langsiktig lån til Sognet AS kr 90 000

I konsernrekeneskapen er det i tillegg Eigenkapitaltilskot KLP på kr 2 207 000 og andre langsiktige fordringar på kr 64 000

Note 9 – Lager og administrasjonsbygg

Luster Energiverk AS, Luster Energi AS og Breheim Nett AS leiger lokale hjå Luster Energi Eigedom AS

Note 10 – Sperra midlar, garantiar, pant

Selskapet sitt banksamband har factoringpant på kr 11 000 000. Luster Energiverk AS har kausionistansvar for langsiktig lån hos Sage Kraftverk AS. Saldo på lånet er pr 31.12.2022 kr 15 126 582.

ÅRSRAPPORT 2022

Av innestående midlar i posten «Bankinnskot, kontantar mm» for konsernet er kr 1 350 000 sperra til betaling av skattetrekk.

Note 11 – Skattekostnad

	Morselskap		Konsern	
	2022	2021	2022	2021
Resultat før skattekostnad	9 904 982	3 313 073	64 687 398	23 887 800
Permanente skilnader:				
Utbytte	-10 207 413	-3 398 670	-5 707 413	-2 398 670
Del inntekt felleskontr verksemd	0	0	-40 027 844	-9 649 005
Renter skatt	0	0	-27	0
3% skattepliktig gevinst og utbytte	291 223	71 961	291 223	71 960
Resultatført konsernbidrag	-1 260 000	-1 622 000	0	0
Ikkje frådragsber. kostnader	0	0	199 100	156 355
Endring i midlertidige skilnader:				
Fordringar	0	0	-120 829	396 000
Gevinst/tapskonto	0	0	-239 675	-299 593
Driftsmidlar	10 607	13 417	-1 775 356	-1 623 794
Rekneskapsmessige avsetjingar	0	0	10 762 000	-1 775 000
Årets skattegrunnlag før motteke konsernbidrag	-1 260 601	-1 622 219	28 068 577	8 766 053
Motteke konsernbidrag	1 260 000	1 622 000	0	0
Årets skattegrunnlag	-601	-219	28 068 577	8 766 053
Berekena betalbar skatt overskot (22%)	0	0	6 175 087	1 928 532
Midlertidige skilnader knytt til:				
Negative skilnader:				
Fordringar	0	0	-1 575 000	-1 631 000
Varelager	0	0	-200 000	-200 000
Gevinst/tapskonto	0	0	-958 706	-1 198 381
Driftsmiddel	-24 024	-13 417	-64 954	-1 605 139
Rekneskapsmessige avsetjingar	0	0	-7 506 000	2 956 000
Underskot til framføring	-821	-217	-821	-217
Sum negative skilnader	-24 845	-13 634	-10 305 481	-1 678 737
Grunnlag utsett skatt	24 845	-13 634	10 305 481	1 678 737
Ikkje balanseført utsett skattefordel	0	0	-1 730 324	-1 501 074
Sum grunnlag utsett skatt	24 845	-13 634	8 575 157	177 663
Utsett skattefordel (22%)	5 466	-2 999	1 886 535	39 086
Utsett skattefordel i morselskap er ikkje balanseført pr. 31.12.2022				
Skattekostnad i rekneskapan består av:				
Berekena betalbar skatt	0	0	6 175 087	1 928 532
Endring utsett skattefordel	0	0	-1 847 449	1 097 046
Skattekostnad	0	0	4 327 638	3 025 578

ÅRSRAPPORT 2022

KONTANTSTRAUMANALYSE

Beløp i 1000 kr

	Morselskap		Konsern	
	2022	2021	2022	2021
Kontantstraumar frå drift				
Ordinært resultat før skattekostnad	9 905	3 313	64 687	23 888
Del av inntekt felleskontrollert verksemd	0	0	-40 028	-9 649
Utbytte frå felleskontrollert verksemd	0	0	4 000	0
Vinst ved sal driftsmidlar	0	0	-65	0
Betalt skatt i perioden	0	0	-1 929	-1 628
Av- og nedskrivingar	78	48	5 607	5 145
Endring i varelager	0	0	-519	-1 927
Endring i kundar	-47	33	9 202	-14 098
Endring i leverandørgjeld	-83	219	335	32 387
Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	-23 971	3 705	-13 254	-14 332
Netto kontantstraumar frå drift	-14 118	7 318	28 036	19 786
Kontantstraum frå investeringar				
Investert i egne aksjar	-372	-564	-372	-564
Investert i langsiktig fordring	0	0	-162	-95
Innbetaling på langsiktig fordring	8 090	45	8 090	0
Sal av egne aksjar	364	689	364	689
Kjøp av el-sertifikat	0	0	10	8
Innbetaling ved sal av driftsmidlar	0	0	65	0
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-102	-306	-19 424	-9 343
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	7 980	-136	-11 429	-9 305
Kontantstraum frå finansaktivitetar				
Utbetalt utbytte	-3 993	-3 991	-3 993	-3 991
Netto kontantstraum frå finansaktivitetar	-3 993	-3 991	-3 993	-3 991
Netto kontantstraum for perioden	-10 131	3 191	12 614	6 490
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01	20 584	17 393	29 417	22 927
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	-10 131	3 191	12 614	6 490
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12	10 453	20 584	42 031	29 417



Legging av sjøkabel



Innspeling av tv-program på Kvåle kraftverk

NO-6857 Sogndal
Norway

Tel: +47 57 67 65 70
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Luster Energiverk AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Luster Energiverk AS som er sammsett av:

- selskapsrekneskapen, som er sammsett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er sammsett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat og kontantstrøm for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvise bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat og kontantstrøm for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities collectively, the "Deloitte organization". DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for more.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Det norske Revisorforbund
Organisasjonsnummer: NO 211 262

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvísande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekkjer gjennom revisjonen.

ÅRSRAPPORT 2022

Sogndal, 23. mai 2023
Deloitte AS


Gunn Irene Sviggum Bruheim
statsautorisert revisor